

BOKANMELDELSE

Inge Nordhaug

Kva ser vi – kva gjer vi

Anmelder: Birgit Frantzen



Boka kunne eigentleg heitte “Kva ser vi – kva tyder det vi ser – kva gjer vi – kva gjer vi ikkje – kvifor – kva bør vi gjere – og korleis?” Men eg forstår godt at forfattaren valde den kortare tittelen “Kva ser vi – kva gjer vi”. Det gir inntrykk av at boka er konsis og handgripeleg. Og det er den faktisk. Inge Nordhaug gir gode svar på svært mykje i denne boka, som tar for seg skulen og barnehagen sine oppgåver når det gjeld omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Boka starter med å vise til NOU-en frå 2017, “Svikt og svik”, og til endringar i rammeplanen for barnehage og grunnskule. På knappe to sider har forfattaren overtydd om bokas viktigeheit og relevans. Han forstår at lesaren er ivrig etter praktisk kunnskap. Dermed går han ikkje rundt nokon som helst graut, men rett på saka som er at “omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep er det største helseproblemet vi har”. Boka set foreldrerolla og omsorgssvikt inn i ei kulturell og historisk kontekst, og gjer reie for ulike typar omsorgssvikt. Den teiknar opp nokre hjelpelinjer i diffuse områder, til dømes når det gjeld kva som er normal seksualitet og kva som er avvikande. Den svingar vidare innom relevante modeller for å forstå mekanisme i, og konsekvensane av omsorgssvikt. Boka går ikkje djupt inn i noko, men presenterer likevel eit godt grunnlag for å vite kva ein bør sjå etter og legge merke til. I bokas tredje kapittel får ein konkrete tips og råd om observasjon, loggføring, dokumentasjon og interne rutinar i organisasjonen, foreldresamarbeid, meldeplikt og kven ein kan konsultere. Det er tydeleg at forfattaren har mykje faktakunnskap, men aller mest inter-

essant er det når det dukkar opp kloke betraktningar som tydeleg kjem frå erfaring. Slik klokskap kjem særleg til syne i kapittel fire, som omhandlar kva som hindrar oss frå å gjere noko. Kva gjer våre egne erfaringar og forventningar med vår tolking av det vi ser? Og kva gjer det med oss å stå i ei krise – som det er når alvorlege forhold vert avdekka eller mistenkt? Siste del av boka gir ei ryddig gjennomgang av kva som er lurt å tenkje på når ein skal snakke med barnet, og med foreldra. Boka snakkar godt om lærarar si kompetanse i møte med barn, men gjer det tydeleg at når det gjeld samtaler om utfordrande tema er førebuing naudsynt: “Det å være profesjonell er å førebu seg”. Til sist får vi ei klargjerande runde gjennom relevant lovverk.

Boka nyttar ei kasusforteljing om to sysken gjennom heile boka, og har oppgåver til drøfting etter kvart kapittel. For meg som las boka åleine, vart forteljinga litt lite levande. Eg kan likevel tenkje meg at desse oppgåvene vil vere til stor nytte dersom boka nyttast i undervisningssamanheng eller ein arbeider med innhaldet i gruppe. Punktvisse oppsummeringar etter kvart kapittel er og eit godt grep. Gjennom heile boka er språket presist og innhaldet konkret. Det kjennast godt å få systematisert kunnskap på denne måten.

Om du er ute etter oversiktleg presentert kunnskap om kva omsorgssvikt, vald og overgrep er og gjer med barn og unge – hand i hand med konkret informasjon om korleis du kan bidra i kampen mot dette – då er dette absolutt den rette boka. Du vil nok finne den særleg nyttig dersom du jobbar i skule eller barnehage, men

den er relevant for ein kvar som møter barn og unge i jobben sin.

Sjølvs jobbar eg som psykolog i PPT og har både lest og høyrd mykje om temaet før. Likevel sat eg etter kvart kapittel med ei oppleving av både å ha lært noko nytt, og å ha eit tydelegare omriss på kunnskapen eg hadde frå før. Både viktigheita av arbeidet, kva ein må sjå etter og

kva ein kan gjere – står litt tydelegare fram i hovudet mitt no enn før. Ein bok som dette kunne lett ha stått fram som overveldande, fordi det er snakk om eit alvorleg tema med mange aspekt og diffuse linjer, men når ein får det presentert på denne måten verker det slett ikkje diffust. Det verker handgripeleg.

FOU - midler

Forum for psykologer i kommuner/ fylkeskommuner kan i 2019 dele ut FoU-midler inntil kr. 750.000,- Midlene kan brukes til forsknings og utviklingsarbeid o. l. i tråd med Fondets vedtekter §2:

”Fondets formål er å ivareta forsknings- og utviklingsarbeid innenfor de pedagogiske og psykologiske fagområdene, støtte utarbeidelse av hjelpemidler, samt fremme opplysnings- og formasjonsvirksomhet om fagområdene.”
Dersom et prosjekt ender i et kartleggings- eller tiltaksprodukt, forutsettes det at materialet holder en faglig høy standard, og at det publiseres gjennom forlaget ”PP-tjenestens Materiellservice”.

Ved andre prosjekt/studiereiser el. er det en forutsetning at det produseres faglige artikler, og at tidsskriftet ”Psykologi i kommunen” får tilbud om førstegangspublisering av disse.

Søknader blir behandlet i den rekkefølgen de kommer inn.

Søknad sendes:
Forum for psykologer i kommunen v/ Sturla Helland
Grønstølvegen 10
5450 Sunde
E-post: hsturla@gmail.com